

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 09.12.2019
SAKSHANDSAMAR: Øystein Helleseeth
SAKA GJELD: **Budsjett 2020 - Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2019/3626
STYRESAK: **103/2019**

STYREMØTE: **16.12.2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret syner til saksframlegget og vedtek budsjettet for 2020, med dei inntekts- og kostnadsrammer som går fram av saka.

Helse Førde	Budsjett 2020
Basisramme	- 2 001 524
ISF egne pasienter	- 681 977
ISF-inntekt H-resept	- 41 239
Gjestepasientinntekter	- 23 966
Polikliniske inntekter - Helfo ref. lab.	- 42 374
Utskrivingsklare pasienter	- 2 574
Andre øremerkede tilskudd	- 39 478
Andre driftsinntekter	- 165 994
Driftsinntekter	- 2 999 124
Kjøp av offentlege helsetenester	162 045
Kjøp av private helsetenester	17 500
Varekost	290 083
Innleidd arbeidskraft	16 829
Lønn til fast ansatte	1 463 698
Overtid og ekstrahjelp	92 790
Pensjonskostnad	249 000
Off tilskot og refusjona	- 63 526
Anna lønn	218 775
Avskrivningar	78 000
Andre driftskostnader	446 331
Driftskostnader	2 971 524
Finansinntekter	- 2 400
Finanskostnader	4 000
Netto finanskostnader	1 600
Sum	- 26 000

1. Innleiing

Budsjettet for 2020 skal leggje det finansielle grunnlaget for at Helse Førde kan gje befolkninga eit godt tilbod om utgreiing og behandling i spesialisthelsetenestene, samt løyse oppgåver innan utdanning av helsepersonell, forskning og opplæring av pasientar og pårørande. Sjølv om den økonomiske situasjonen fører med seg at vi må leggje om delar av drifta, vil aktiviteten budsjettet legg opp til i stor grad vidareføre drifta frå 2019. Nasjonal helse- og sjukehusplan, Helse Vests strategi Helse 2035 og den reviderte utviklingsplanen for Helse Førde vil gje retning for arbeidet i 2020.

Til trass for at alle avdelingar i Helse Førde må tilpasse drifta til strammare rammes, meiner administrerande direktør at omstillingar er nødvendig. Den teknologiske og medisinske utviklinga gjer at føretaket må endre seg. I tillegg må vi sikre standarden på behandlinga ved å investere i utstyr og bygg. Budsjettframlegget er difor det beste alternativet for å sikre innbyggarane i Helse Førde sitt område eit godt og framtidsretta spesialisthelsetestetilbod.

Finansieringa av Helse Førde kjem i hovudsak frå to kjelder – basisramme og innsatsstyrt finansiering (ISF). Basisramma er sett saman av tre komponentar. Ein del vert rekna ved hjelp av inntektsfordelingsmodellen i Helse Vest, ein del på bakgrunn av Helse Førde sin skår på utvalde kvalitetsindikatorar og ein tredje vert delt ut for å kompensere for mellom anna pensjonskostnader og kostnadsulempes. Basisfinansieringa er klart den største delen av dei to.

Det er ein trend at fleire medikament vert inkludert i innsatsstyrt finansiering, samt at bruken av tjenesteforløp (TFG) aukar. Dette er ei ordning kor spesialisthelsetenesta får ein sum for å dekke både behandling og medikament for pasienten for heile året. Vidare vil ein frå 1. januar få godkjent telefonkonsultasjonar, samt at fleire helsepersonell gruppe kan gjennomføre behandling som gjev ISF finansiering.

Helse Førde har rammebudsjettering. Rammene for 2019 budsjettet vart vidareført i 2020, men godkjente realendringar medførte at klinikkane fekk eit innsparingskrav på 14,5 millionar. Med denne ramma meiner administrerande direktør at klinikkane vil fortsette arbeide med å tilpasse kostnadsbasen i forhold til endringar i spesialisthelsetenesta og sikre økonomisk ramme til å investere i nytt sjukehusbygg og medisinsk teknisk utstyr.

Ramme for 2020 medfører at klinikkane må gjennomføre tiltak for å halde budsjettet. Klinikkane arbeider kontinuerleg med å utvikle drifta og har arbeidd med å finne innsparingstiltak for å tilpasse drifta til dei nye økonomiske rammene. Budsjettet for 2020 er såleis forankra i heile føretaket. Administrerande direktør har gitt beskjed om at det med alle tiltak skal følgje eit oversyn som viser kva som må gjerast for at tiltaket vert gjennomført, og når tiltaket skal setjast i verk. For å halde oversikten over dette skal alle tiltak dokumenterast i eigne tiltakskort. Tiltak og utfordringar er omtala i vedlagte budsjett frå kvar klinikk.

Per november er resultatet 28,5 millionar, som er 4,5 millionar lågare enn budsjett. Resultatet til no i år viser eit meirforbruk på personalkostnader og mindreforbruk på varekostnader, kjøp av helsetenester og andre driftskostnader. Prognosen er likevel at ein skal klare resultatkravet på 36 millionar. I budsjettet for 2020 er profilen på budsjettet endra. Personalkostnader er auka og varekostnaden er justert ned, samt at ein har auka aktiviteten

og dermed inntektene. Klinikane har heldt seg innanfor rammene som er tildelt for 2020. I forhold til risiko på dei ulike budsjettpostane er dermed meirforbruk på personalkostnader lågare, men samtidig har risikoen knytt til inntekter auka.

I november fekk vi oppdatert ramme frå Helse Vest. Den største endringa i forhold til førebels ramme frå juni var effekten knytt til at Hornindal kommune, som vert overført til Volda kommune. Dette reduserte ramma til Helse Førde med 14,9 millionar.

Dette har medført ekstra utfordringar for Helse Førde. Administrerande direktør si vurdering er at ein vil ha behov for noko tid for å tilpasse kostnadsbasen og har derfor hatt dialog med Helse Vest i forhold til resultatkravet på 36 millionar. I budsjettet er det derfor føreslått å redusere resultatkravet med 10 millionar til 26 millionar for 2020.

2. Budsjettprosess i føretaket

Helse Førde rammefinansierer klinikane. Klinikane må løyse pålagde oppgåver innanfor ramma dei får tildelt og dei må sjølve finne inndekning for kostnadsvekst på enkeltområde. Dette gjev klinikane fridom til sjølv å gjere omprioriteringar innanfor eiga drift.

Førebels ramme frå Helse Vest fekk ein i juni 2020. Klinikane hadde også frist i juni til å melde inn realendringar, som er endringar som klinikane i liten grad kan påverke sjølve. Det vart meldt inn 58 millionar i realendringar, men lista inneheldt forhold som ikkje er definert som realendring. Administrerande direktør godkjente 14,5 millionar som realendringar. I tillegg vart det gjennomført ei mindre omdisponering frå kirurgisk klinikk til medisinsk klinikk på 0,5 millionar basert innsparingskrav og utfordring i drifta.

Rammene for 2020 var levert til klinikane i august. Dette var ei vidareføring av rammene frå 2019, men innsparingskrav tilsvarande realendring på 14,5 millionar. I ettertid har ein styrkja både Kirurgisk klinikk og Medisinsk sine rammer. Dette er basert på utfordringsbiletet som vi har sett i 2019.

I sjølve prosessen har klinikane involvert tillitsvalde og verneombod. Vidare har det på klinikknivå og Helse Førde nivå blitt gjennomført både informasjonsmøte og drøftingsmøte.

3. Økonomisk resultatkrav

Helse Førde sitt resultatkrav frå eigar kom i Helse Vest-sak 68/19 «Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2020», som blei handsama i juni. Krava til føretaka i Helse Vest er slik:

Foreløpig Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2020	137 000	40 000	150 000	36 000	7 000	1 000	150 000	521 000

Styret i Helse Vest skal 12. desember i sak 128/19 «Inntektsfordeling og resultatkrav 2020» ta stilling til endeleg resultatkrav for føretaka. Resultatkravet til Helse Førde er foreslått å bli justert frå 36 millionar til 26 millionar. Dette er basert på dialogen administrerande direktør har hatt i forhold til Hornindal kommune.

Endeleg Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2020	100 000	40 000	120 000	26 000	7 000	1 000	150 000	444 000

Helse Førde sitt resultat i 2018 var på 58,5 millionar. Prognosen for 2019 er 36 millionar kroner og resultatkravet for 2020 er 26 millionar kroner.

Resultatutvikling / bereevne	2018	Budsjett 2019	Prognose 2019	Budsjett 2020	Endring B20 - B19
Årsresultat	58 484	36 000	36 000	26 000	-10 000
Avskrivinger	73 692	76 000	75 000	78 000	2 000
Berevne frå drifta	132 176	112 000	111 000	104 000	

Redusert resultatkrav for 2020 samanlikna med 2019 medfører at bereevna vert redusert. Samtidig har avskrivningar auka slik at endring i bereevne frå drift er 8 millionar. Dette er eit minimum med utgangspunkt i planlagde investeringar og ein må auke dette i åra som kjem.

I langtidsbudsjettet har ein tatt høgde for å auke bereevne over fleire år slik at ein unngår at ein må ta store kutt i enkeltår. Samtidig så har ein gjennom fleire år gjennomført innsparing, så det er signal frå klinikkane at det er vanskeleg å gjennomføre ytterlegare innsparing. Dette medfører at gevinstrealisering knytt til investering i nye lokale, utstyr og prosjekt er eit fokusområde framover.

4. Føresetnadene for budsjett 2019

4.1. Inntekter / ramme

Av Helse Førde sine samla inntekter på 2 999 millionar kroner er 2 705 millionar midlar som føretaket får via inntektsdokument frå Helse Vest. Øvrige inntekter på 294 millionar kroner er inntekter frå andre. Viktigaste inntekter er eigendelar for behandling, ISF-inntekter innanfor psykisk helsevern, gjestepasientinntekter, prosjektinntekter samt nokre mindre postar.

INNETKTSFORDELING 2020	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 147 378	1 005 440	3 378 252	682 886	372 077	-	7 586 032
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 157 203	2 185 850	6 319 008	1 808 752			14 470 813
Kvalitetsbasert finansiering	20 915	13 845	43 591	11 049			89 400
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	383 797	226 475	944 411	181 723	472 399	3 196 968	5 405 773
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	10 074	7 794	33 474	20 992			72 333
SUM, inntekt 2020 fordelt frå RHF	6 719 366	3 439 403	10 718 735	2 705 402	844 476	3 196 968	27 624 350

4.2 Aktivitetsvekst på 1,1 prosent

Aktivitetsauken i Helse Vest er sett til 1,5 prosent. I Helse Førde sitt opptaksområde er det lågare folketalsutvikling enn i dei andre opptaksområda, samt at Hornindal ikkje lengre tilhører Helse Førde. Aktivitetsveksten i Helse Førde er av den grunn sett til 1,1 prosent.

4.3 Hornindal

Hornindal vil frå 1. januar 2020 slå seg saman med Volda kommune. I den nasjonale inntektsmodellen medførte dette at Helse Vest vart trekt 20,4 millionar frå ramme, som vart overført til Helse Midt-Norge. I inntektsmodellen til Helse Vest er det frå 2020 gjort uttrekk av befolkningskriteria som er knytt til Hornindal kommune. Dette inneber at modelleffekten av endra befolkningskriterium saman med uttrekket i ramma frå staten, gir ein reduksjon i ramma frå Helse Vest til Helse Førde på 14,9 millionar kroner. Dette medfører auka krav til innsparing for å ivareta investeringsevna.

4.4 Avbyråkratisering og effektiviseringsreforma

ABE-reforma som vart innført i 2015 er vidareført i 2020. For Helse Vest inneber dette eit trekk i basisramma på 0,5%, men samtidig får ein tilbakeført midlar for mellom anna å auke evna til investering. For Helse Førde er netto effekten 4 millionar i 2020, som medfører auka krav til innsparing for å ivareta investeringsevna.

4.5 Legemidlar som skal dekkast av føretaka

I 2020 skal Helse Førde overta finansieringa av legemidlar frå folketrygda rekna til 4,4 millionar. Dette er det gitt basisinntekter for i 2020-rammene. Risikoen knytt til eventuelt meirforbruk er det føretaket som må dekke.

5. Rammefordeling til klinikkane

Heile budsjettprosessen vert gjennomført i 2019 kroneverdi slik at ein har fokus på driftsmessige endringar og ikkje på prisendringar. Prisjustering skjer til slutt i budsjettprosessen der ein brukar deflator for å justere til 2020 kroner. Konkrete endringar som kjem i statsbudsjettet vert lagt til budsjettpostane i ettertid. Dei viktigaste endringane som kjem i statsbudsjettet er endringar i medikamentkostnader.

Utgangspunktet for klinikkane var at rammene frå 2019 vart vidareført, men godkjente realendringar medfører innsparingskrav til klinikkane. Tabellen under viser endring i rammene for kvar klinikk.

Justering av ramme	Budsjett 2019	Realendring	Innsparing	Justering i budsjettprosessen	Endring
Kirurgisk klinikk	398 915	767	-3 884	2 000	-1 117
Medisinsk klinikk	405 418	-162	-4 994	-2 000	-7 156
Klinikk for psykisk helsevern	0	4 821	-2 921		1 900
Stab og støtte	442 312	6 015	-2 737	-12 000	-8 722
Budsjetteknisk	-1 282 645	-1 220		20 000	18 780
Sum	-36 000	10 221	-14 536	8 000	3 685

Tabellen er i 2019 kroner

5.1 Justering i budsjettprosessen

Endringar som er gjort i løpet av budsjettprosessen er knytt til H-resept, pasientreiser og endra resultatkrav i Helse Førde.

H-resept ligg i Medisinsk klinikk og eventuelle endringar i statsbudsjettet har vert handtert som ei realendring. Per november har Helse Førde hatt vesentleg mindre kostnader knytt til dette enn budsjett og resultatet er 8,7 millionar. Sidan dette er noko som klinikken får justert for som ei realendring, er dette midlar som ikkje er «låst» til klinikken. I budsjettprosessen har ein derfor valt å justere rammene til Kirurgisk klinikk og Medisinsk klinikk, som har dei største utfordringane i forhold til budsjettet for 2019.

I tabellen over kjem dette fram som at Kirurgisk klinikk har fått tildelt 2 millionar og Medisinsk klinikk har fått redusert ramma med 2 millionar. Sidan desse kostnadene ligg i Medisinsk klinikk har denne klinikken i realiteten fått tilført om lag 6 millionar før endring i statsbudsjettet for 2020. Endringa var ein kostnadsauke på 2 millionar, noko som betyr at Medisinsk klinikk har fått tilført omlag 4 millionar. Dette kjem ikkje fram av tabellen over.

Pasienttransport har gjennom fleire år klart å redusere kostnadane i høve budsjett knytt til transport. Dette har medført at Stab og Støtte har vist positivt resultat. Ein har derfor redusert budsjettet med 12 millionar slik at ramme for Stab og Støtte i større grad er knytt til drifta. Resterande endring i Budsjetteknisk er knytt til redusert resultatkrav og endra avskrivningar.

5.2 Realendringar

Tabellen under viser endringar for kvar klinikk:

Realendringar på klinikknivå	Kir	Med	PHV	Stab
Overgrepsmottak SYS IKL - eksternt tilbud kor kostnadene har auka.	250			
AAM Operasjon - utdanningsstillinger for å sikre kompetanse.	480			
AAM Intensiv - utdanningsstillinger for å sikre kompetanse.	720			
AAM LSH - utdanningsstillinger for å sikre kompetanse.	240			
Medisinsk avstandsoppfølging.	400			
Flytting av ramme knytt til kjøp ekstra fysioterapiteneste ortopedi	-550			
Flytting av ramme knytt til Serviceseksjon LSH frå kirurgisk til Medisinsk klinikk	-759			
Div små endringar	-14			
Heimedialyse - frå eksternt til intern transportør		400		
Akuttmottak - behov for å styrke området med sjukepleiar og lege.		1500		
LMBB - forventa gevinst knytt til varekost som følge av nye analysemaskiner.		-3000		
Fysikalsk Medisinsk Rehabilitering Poliklinikk - ombygging - meirinntekter		-650		
Flytting av ramme knytt til kjøp ekstra fysioterapiteneste ortopedi		550		
Flytting av ramme knytt til Serviceseksjon LSH frå kirurgisk til Medisinsk klinikk		759		
Div små endringar		279		
Kjøp av sikringspostar - forventa auke og er justert frå 2,3 til 2,5 plassar.			1460	
Tryggleikspost NFS - rekruttering og opplæring av nye tilsette. Oppstart mars 2021.			2500	
Norse Feedback - lisenskostnader - frå pilot til driftsfase.			800	
Div små endringar			61	
F&U. Til konkrete prosjekt med egen godkjennelsesprosedyre.				1000
HR - influensavaksine til tilsette. Auke vaksinemål og pris.				200
HR - pasientreiser - estimat knytt til auka medisinsk avstandsoppfølging				-376
HR - pasientreiser - estimat insourcing av transport knytt til heimedialyse				-400
AD - kostnader knytt til kjøp av juridisk bistand (større og prinsipielle forhold).				500
IKT - auka bruk av "smarttelefoner" ifm Imatis - 150 abonnement				270
D&E - validering av vaskemaskiner. Ikkje eit lovkrav, men eit risikoområde.				500
D&E - endra nettleige som følge av fusjon mellom SE og BKK				-1500
D&E - avtale med Securitas. Nytt "krav" for å sikre tilsette og pasientar				200
Økonomi - LIBRA - auka behov for ressursar				450
IKT tenester frå HV IKT				5183
Div små endringar				-12
	767	-162	4 821	6 015

Når det gjeld Budsjetteknisk er realendringar knytt til endra avskrivningar og netto finanskostnader.

6.0 Budsjett Helse Førde 2020

Det er planlagt med eit rekneskapsresultat på 26 millionar kroner. Dette er likt med forventa resultatkravet frå eigar. Det budsjetterte resultatet er og i samsvar med kravet for å kunne gjennomføre planlagde investeringar.

Helse Førde	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Prognose 2019	Budsjett 2020	Endring B20-B19
Basisramme	- 1 889 603	- 1 965 243	- 1 965 243	- 2 001 524	- 36 281
ISF egne pasienter	- 612 607	- 641 643	- 635 462	- 681 977	- 40 334
ISF-inntekt H-resept	- 37 981	- 43 692	- 39 177	- 41 239	2 453
Gjestepasientinntekter	- 22 801	- 23 014	- 25 482	- 23 966	- 952
Polikliniske inntekter - Helfo ref. lab.	- 36 747	- 37 953	- 40 848	- 42 374	- 4 420
Utskrivingsklare pasienter	- 2 482	- 2 809	- 2 489	- 2 574	235
Andre øremerkede tilskudd	- 38 053	- 32 535	- 35 394	- 39 478	- 6 942
Andre driftsinntekter	- 163 056	- 161 935	- 163 919	- 165 994	- 4 059
Driftsinntekter	- 2 803 331	- 2 908 825	- 2 908 014	- 2 999 124	- 90 300
Kjøp av offentlege helsetenester	140 853	158 371	144 597	162 045	3 674
Kjøp av private helsetenester	17 338	17 594	15 968	17 500	- 94
Varekost	273 764	296 430	290 196	290 083	- 6 347
Innleidd arbeidskraft	26 309	20 220	26 183	16 829	- 3 391
Løn til fast ansatte	1 321 729	1 360 561	1 377 018	1 463 698	103 137
Overtid og ekstrahjelp	105 884	96 794	113 789	92 790	- 4 004
Pensjonskostnad	233 496	249 900	249 900	249 000	- 900
Off tilskot og refusjona	- 66 122	- 51 928	- 65 256	- 63 526	- 11 598
Anna lønn	200 452	206 801	210 435	218 775	11 974
Avskrivningar	73 691	76 000	75 000	78 000	2 000
Andre driftskostnader	418 756	440 482	436 184	446 331	5 849
Driftskostnader	2 746 149	2 871 225	2 874 014	2 971 524	100 300
Finansinntekter	- 3 037	- 1 400	- 5 500	- 2 400	- 1 000
Finanskostnader	1 736	3 000	3 500	4 000	1 000
Netto finanskostnader	- 1 302	1 600	- 2 000	1 600	0
Sum	- 58 484	- 36 000	- 36 000	- 26 000	10 000

7 Aktivitet

7.1 Psykisk helsevern (PHV)

Det er lagt opp til lågare aktivitet knytt til døgnopphald for vaksne i 2020 samanlikna med prognosen for 2019, og ein auke i poliklinisk aktivitet. PHV vil arbeide for å auke aktiviteten innanfor Tverrfagleg spesialisert rusbehandling i høve førre år og det er forventa høgare aktivitet i Psykisk helsevern barn og unge til neste år.

Aktivitet	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Budsjett 2019	Prognose 2019	Budsjett 2020	Endring P19 til B20
Psykisk helsevern vaksne						
DRG poeng	3 509	3 526	3 945	3 640	3 849	209
Tal heildøgnsopphald	18 012	17 604	17 900	19 000	18 700	-300
Tal utskrivne pasientar	1 047	1 027	1 045	1 105	1 055	-50
Poliklinisk dagbehandling	443	357	300	260	100	-160
Polikliniske konsultasjonar	26 859	25 455	26 400	25 100	26 000	900
Rus						
DRG poeng	391	428	530	390	447	57
Tal heildøgnsopphald	6 968	7 441	7 490	7 030	7 470	440
Tal utskrivne pasientar	213	244	235	235	240	5
Polikliniske konsultasjonar	3 014	3 209	3 180	2 810	3 150	340
Psykisk helsevern barn og unge						
DRG poeng	5 360	5 302	5 961	5 840	5 958	118
Tal heildøgnsopphald UPH	1 145	1 121	1 200	1 160	1 200	40
Tal utskrivne pasientar UPH	87	76	80	60	80	20
BUP polikliniske konsultasjonar	16 384	16 612	17 800	17 900	18 300	400

7.2 Somatikken

Klinikkane har budsjettert med ein auke innanfor både dagbehandling, sjukehusopphald og polikliniske konsultasjonar. Auken er størst på polikliniske konsultasjonar med 5,2 prosent. Dette er fordelt relativt likt mellom Kirurgisk og Medisinsk avdeling. Det same gjeld tal dagbehandlingar, som aukar med 3,8 prosent.

For sjukehusopphald er det budsjettert med ei auke på 0,8 prosent. På dette området er det ein auke i Medisinsk klinikk, medan det er ein nedgang i kirurgisk klinikk. Dette er i tråd med utviklinga Helse Førde har hatt i 2019.

Aktivitet - Somatikk	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Plan 2019	Prognose 2019	Plan 2020	Endring plan 2020 - 2019
Tal dagbehandling	7 975	13 717	13 925	14 070	14 452	527
Tal sjukehusopphald / heildøgnsopphald	9 806	18 560	18 780	18 139	18 932	152
Tal polikliniske konsultasjonar (ISF)	53 062	121 729	123 872	126 834	130 294	6 422

Aktivitet omgjort til DRG-poeng

For 2020 har Helse Førde budsjettert med 275 DRG-poeng meir enn bestillinga til Helse Vest i styresak om inntektsfordeling og resultatkrav 2020. Dette er basert på vurdering av kvar enkelt avdeling sitt estimat for aktivitet, som er forankra i klinikkane. ISF-inntektene er ei overslagsløyving som skal avreknast etter endeleg produksjon. Ved fastsetjing av DRG-prisen for 2020 er det gjort ei justering som fører til at veksten i DRG-prisen er på 2,6 prosent. Prisen er i framlegg til statsbudsjett sett til 45 808 kroner, og lagt til grunn i vårt budsjettet. Prisen framkjem ved justering av generell prisvekst som er 3,1 prosent som vert justert for avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma med 0,5 prosent. Ei endring på 0,5 prosent gjev utslag i budsjetterte inntekter med omtrent 3,5 millionar kroner.

Tabellane under syner fordelinga av Helse Vest si overslagsløyving knytt til aktivitet og Helse Førde sin budsjetterte aktivitet:

Utrekning av overslagsløyving for 2020	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	HDS	Avtaler	SUM
Prognose 2019	87 695	41 539	145 274	28 050	16 024	3 394	321 976
Aktivitetsvekst (SVG 1,77%, FON 0,98%, BGO 1,38% og FRD 1,12%)	1 555	407	2 006	313	221	48	4 550
Nye legemidler overført ISF	503	286	700	184			1 673
Overslagsløyving for 2019 - DRG-produksjon, eige HF, inkl. somatisk poliklinikk	89 753	42 232	147 980	28 547	16 245	3 442	328 199
Fråtrekk, DRG-poeng for pasientar som høyrer til ein annan region	-1 456	-202	-4 048	-572	0	0	-6 278
DRG-poeng for eigne pasientar som er behandla i andre regionar eller hos private	5 459	1 868	3 564	1 840	0	2 300	15 031
DRG-poeng, eigne pasientar hos Feiring							0
Estimat over DRG-poeng for pasientar høyrer til i Helseregion Vest	93 756	43 898	147 496	29 815	16 245	5 742	336 952
Overslagsløyving DRG poeng frå HOD							336 867

Aktivitet		Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Plan 2019	Prognose 2019	Plan 2020	Endring Plan 20 - 19
DRG-poeng døgn/dag/poliklinikk	A	24 370	25 099	25 616	25 466	26 534	918
DRG-poeng H-resepter	A	1 300	1 735	1 957	1 711	1 801	-156
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar)	B	519	458	500	535	487	-13
SUM DRG poeng produsert i Helse Førde	A+B	26 189	27 292	28 073	27 712	28 822	749
DRG-poeng pasientar behandla i andre regionar, Feiring	C	1 841	1 857	1 840	1 840	1 840	0
Sum DRG-poeng, ISF inntekt	A+C	27 511	28 691	29 413	29 017	30 175	762

DRG-poeng produsert i eige HF (A+B)

DRG-poeng som kjem frå produksjon i eige føretak, er sett til 28 822 poeng. Dette er vesentleg høgare enn årsprognosen for 2019 utarbeidd i oktober. Nytt i 2020 er nye medikament overført til ISF som utgjør 90 poeng, samt godkjenning av telefonkonsultasjon og nye helsepersonell grupper som utgjør omlag 90 poeng.

DRG-poeng eigne pasientar behandla ved andre regionar/private (C)

Vi ventar ikkje vesentlege endringar i tal pasientar frå Helse Førde sitt område som vert behandla i andre regionar. Tal DRG-poeng vert av den grunn ikkje endra.

8. Utvikling av bemanning

Klinikkane har i sitt budsjettarbeid og drøftingar hatt fokus på framtidig bemanning. Det er i 2020 budsjettert med eit høgare tal netto stillingar enn det var gjort i budsjettet for 2019. Bakgrunn for auken er at budsjettet for 2019 var noko stramt, ein forventar høgare aktivitet i 2020 og redusert bruk av innleige, samt nokre av dei planlagde tiltaka for 2018 ikkje har vore mogeleg å realisere.

Netto månadsverk per klinikk i 2020 budsjettet

- Kirurgisk klinikk har ein auke på 0,1 samanlikna med oktober 2019.
- Medisinsk klinikk aukar med 1,8 årsverk samanlikna med oktober 2019. Endringa i månadsverk syner eit bilete som ikkje er heilt i samsvar med planlagde tiltak på legeområde ettersom det er planlagt reduksjon i innleige frå firma, noko som ikkje kjem fram i månadsverk statistikken.
- Psykisk helsevern har budsjettert med same bemanning som i 2020 som i 2019, men ein auke på slutten av året som følgje av etablering av tryggleikspost i Førde som skal vere klar i 2021.
- Stab og støtte aukar med 1,4 netto månadsverk samanlikna med gjennomsnitt for 2019. Av desse 1,4 månadsverk er 1,0 månadsverk mellombels. Dette er knytt til prosjekt LIBRA, trainee framtidfylket og koordinator legemiddelstudiar.

Endringane i årsverk skal i hovudsak skje ved naturleg avgang. På avdelingar kor det er budsjettert med nedgang i årsverk og det ikkje er mogleg å redusere bemanninga ved naturleg avgang, vil det vere store moglegheiter for omplassering.

8. Utvikling av finanskostnader 2018 – 2020

Netto finanskostnader	2018	Budsjett 2019	Prognose 2019	Budsjett 2020	Endring B20 - B19
Finansinntekter	-3 037	-1 400	-5 500	-2 400	-1 000
Finanskostnader	1 736	3 000	3 500	4 000	1 000
Netto finanskostnader	-1 302	1 600	-2 000	1 600	-

Helse Førde har ikkje brukt av kassakreditten i 2019, noko som gjev oss renteinntekter. Føretaket har før opptak av byggelån, minimal lånegjeld og såleis låge rentekostnader.

Byggelånet som føretaket tek opp i samband med «Nye Førde Sjukehus», skal i utgangspunktet aktiverast som ein del av byggekostnaden. Men om ein har fått utbetalt meir lån enn det som er investert, vil renter på differansebeløpet kostnadsførast. Dette har vore tilfelle i 2019 og det er lagt til grunn same forhold i budsjettet for 2020.

Likviditeten til Helse Førde er god. Om ikkje betalingsplanane som gjeld pensjon endrar seg vesentleg, vil likviditeten vere god også i 2020.

9. Avskrivningar perioden 2018 – 2020

Avskrivningar	2018	Budsjett 2019	Prognose 2019	Budsjett 2020	Endring B20 - B19
Avskrivninger	73 691	76 000	75 000	78 000	2 000

Det er venta at kostnadene aukar med 2 millionar samanlikna med budsjettet for 2019. Når det gjeld avskrivningar på nytt utstyr, vil aktiveringstidspunktet avgjere nøyaktig kor store avskrivningane vert i 2020.

10. Vurdering

Budsjettframlegget for 2020 syner eit overskot på 26 millionar kroner. Det er 10 millionar lågare enn det som er lagt til grunn i langtidsplanane. Årsaka til endra resultatkrav er konsekvensane av at Hornindal, som vert ein del av Helse Møre og Romsdal sitt ansvarsområde.

Budsjettet for 2019 har vist seg å vere stramt på personalkostnader, mens det har vore mindreforbruk på varekostnader og auke aktivitet innanfor spesielt Medisinsk klinikk. I budsjettet for 2020 har ein derfor endra profilen noko i budsjettet. Utfrå tilbakemeldingar i føretaket og forhold som er gjennomgått i budsjettprosessen, vil administrerande direktør peike på følgjande risiko og utfordringar framover:

- Fleire av tiltaka som ligg inne i budsjettet har risiko, men samla vurdering er at tiltaka som ligg i budsjettet kan gjennomførast. Administrerande direktør vil følgje dette tett saman med klinikkdirektørane. Om føresetnadene for eit tiltak endrar seg må linja ved klinikkdirektør vurdere dei økonomiske konsekvensane og setje inn kompensierende tiltak.
- Auken i aktivitet og ISF inntekt er relativt stor i forhold til både budsjett 2019 og prognose 2020. Auken er basert på budsjett i kvar avdeling som er forankra i klinikken. For at Helse Førde skal nå budsjettet er ein avhengig av at budsjetterte ressursar på personalsida er tilgjengeleg.
- Risikoen knytt til personalkostnader er lågare i dette budsjettet, men det krev fortsatt at ein lykkast med eksisterande og nye tiltak i 2020. For å få full effekt av innsparingane er det viktig at vi får tilgang på rett kompetanse på legesida.
- Helse Førde får også i 2020 ansvaret for nye medikament. Risikoen knytt til eventuelt meirforbruk er det føretaket som må dekke. I budsjettet for 2020 er dette nok strammare enn kva som var i 2019.
- Kostnader og gevinst knytt til prosjekt er teke i dei enkelte einingane sine budsjett. Det pågår fleire store regionale og eigne prosjekt Helse Førde. Det er viktig at ein klarer å styre ressursbehovet knytt til prosjektgjennomføringa og realisere forventa gevinstar både i forhold til kvalitet og økonomi.
- Framlegget til investeringsbudsjett er stramt. Spesielt når det gjeld investeringar i teknisk utstyr og bygg. Om det oppstår uventa havari, kan det medføre utfordringar då investeringar skal dekkast av eiga finansieringsevne.

10. Oppsummering

Administrerande direktør legg fram eit budsjett med 26 millionar kroner i overskot. Endring i drifta som ligg i klinikkane sine budsjett, skal gjennomførast innanfor planlagt tid og økonomisk effekt. Driftsendringar i 2020 som går ut over budsjettet, må føretaket dekke med nye tiltak slik at Helse Førde held seg innanfor ramma sett av Helse Vest.

Vedlegg

1. Budsjett 2020 - Kirurgisk klinikk
2. Budsjett 2020 – Medisinsk klinikk
3. Budsjett 2020 – Psykisk helsevern
4. Budsjett 2020 - Stabsområde
5. Protokoll frå møte med føretakstillitsvalde – *vert utdelt i møte*
6. Protokoll frå møte med FAMU – *vert utdelt i møte*